

HYRDINGEN

Nr. 4

September 2024

ÅRGANG 66

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



Kretsleir for speidarane

Sjå side 6.



Speidarane frå Skjold, Vats og Vikebygd
Foto: Karianne Dagsland

Presten har ordet	s. 2	Heilt med i Vats	s. 6	Konfirmantarbeidet	s. 11
Redaksjonspennen	s. 3	Dugnad på Ølen kyrkje	s. 7	Basar i Imsland	s. 11
Min Song	s. 3	Historisk vandring i Ølen	s. 7	Frå kyrkjeboka	s. 12–13
Hyrdingen og økonomien	s. 3	Program Ølen kyrkje 150 år	s. 8	Gudstenestelista	s. 13
Ny prest - Elisabeth Fauskanger	s. 4	Jubileumsboka	s. 9	Møte og kunngjeringar	s. 14–15
Ny prest – Eli Kolstad	s. 4	Minneord Olav Velde	s. 10	Konsert i Vikebygd	s. 15
Musikalsk gudsteneste	s. 5	Supersong – Indre bygder	s. 10	Friluftsgudsteneste på Refsnes	s. 16
Stemne på Vikestølen	s. 5	Trusopplæring hausten 24	s. 11	Jubileum i Skjold kyrkje	s. 16



HYRDINGEN:

Ansvarleg: Steinar Skartland
Tlf. 908 73 170

E-post: redaksjonen@hyrdingen.no
Bladpengar/gåver til Hyrdingen
på konto: 3240.11.17937 og
Vipps-nr. 531472
Adr. Skjold kyrkje
Kleivavegen 2, 5574 Skjold
Layout/trykk: Omega 365 Design

SOKNEPRESTANE:

Kontortid etter avtale. Måndag er fridag.

Ølen og Bjoa

Vikarprest Sigfred Sørensen
Kontor: Rådhusplassen 1, 5580 Ølen
Tlf. 53 65 65 41 / 488 90 359
sigfred.sorensen@outlook.com

Skjold, Vats og Vikebygd

Prest Elisabeth Fausanger
Kontor: Skjold kyrkje, Kleivav. 2, 5574 Skjold
Tlf. 992 70 811
evfauskanger@gmail.com

Vikedal, Sandeid og Imsland

Prest Eli Kolstad
Kontor: Vikedal kyrjekontor
Kyrkjevegen 11, Pb. 40, 5586 Vikedal
Tlf. 909 97 817
eli.kolstad@vindafjord.kommune.no

Kateket

Britt Karstensen
Tlf 53 65 65 42 / 452 21 580
britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

Kantor Solveig Meling Johannesen

Haugaland prosti:

Pb. 612, 5501 Haugesund
Prost Rune Steensnæs Engedal
Tlf. 52 80 95 00 / 918 34 019

Kyrkjeverja i Vindafjord:

post.kyrkja@vindafjord.kommune.no
Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje
Tlf. 53 65 57 93 / Mob. 977 64 146
inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no
Kontorass. Tove Standal Vaka
Tlf. 53 65 57 96 / Mob. 917 95 875

Sokneråd, leiarar:

Skjold, Vats og Vikebygd:
Sunniva Tveit Gregersen
Ølen og Bjoa: Gunda Berge
Sandeid: Tore Tokheim
Vikedal: Anders Ledaal Bjørnstad
Imsland: Marita Kvitno Staurland

Presten har ordet

Av Elisabeth Vatland Fauskanger
Prest for Skjold, Vats og Vikebygd



Bestemor Maren sin song

Eg vaks opp på eit småbruk i Sokndal, heilt sør i Rogaland. Med sauer, små åkerlappar mellom haug og hammar, og med Nordsjøen som næraste nabo.

Då eg vaks opp budde bestemor, mi farmor, på loftet heime hos oss. Ho kom til garden då ho gifta seg med farfar i 1933. Så gjekk det nokre år, og i 1944 venta bestemor barn nummer seks. Men i januar dette året, fleire månader før guten kom til verda, drukna farfar mens han dreiv teinefiske. I åra som kom var det mykje slit og tunge tak for bestemor.

Me hadde misjonsmøta i det gamle skulehuset i bygda, og bestemor var ofte den som leia møta. Eg hugsar ho ofte ville me skulle syngja: «O Jesus åpne du mitt øye, så jeg kan se hvor rik jeg er». Eg sat som lita jente på dei harde trestolane, dingla med beina og tenkte at er det ein ting bestemor ikkje er, så er det rik!

Etterkvart som eg blei eldre har eg tenkt på bestemor og songen hennar. Og når eg nå les songteksten, så skjønner eg betre kvifor dette blei bestemor Maren sin song. Songen handlar nemleg om alt me har del i, i trua på Jesus. Rikdomen bestemor Maren song om er ikkje knytt til gods, gull eller pengar i banken, men til vissheita om at Jesus kjente henne, at han hadde omsorg for henne i kvardagen og at ho fann trøyst og hjelp i trua på Jesus. Hos Jesus hadde bestemor både ein talsmann i nauda, ein nådestraum så vid som heile himmelens kvelving og eit nåderike i vente.

Det er den svenske salmediktaren Lina Sandell som har skrive O Jesus åpne du mitt øye. Kjente ho på noko av det same som bestemor Maren, tru? At trua på Jesus gav henne trøyst? Nåden Lina skriv om er Guds uendelege kjærleik til oss. Songen skreiv Lina 26 år gammal, i sorg og djup fortviling etter at ho opplevde at faren fall over bord og drukna då dei var på båttur over innsjøen Vätteren i 1858.

Når eg tenkjer på bestemor Maren og hennar kvardag som ung enke med gard og born å ta seg av, slår det meg at me på mange måtar har det godt i dagens samfunn. Kanskje treng me det enda meir me enn bestemor – å få opne auga våre slik at me ser kor rike me verkeleg er?



Bestemor Maren. Enka med seks born å ta seg av.

Kyrkjebladet Hyrdingen

Av Steinar Skartland

Kyrkjebladet Hyrdingen er sokneråda og kyrkjene i Vindafjord sitt blad for å informera både om dei aktivitetar som er planlagde fram-

Redaksjons-PENNEN



Av redaktør Steinar Skartland

Gledeleg nytt! Det er tilsett to nye prestar i Vindafjord. Begge held ennå på med studiar, men med god hjelp frå tre aktive pensjonistprestar så klarer kyrkja å ta seg av både gudstenester og andre kyrkjelege handlingar framover. Velkommen til teneste i våre bygder!

Vi har starta på ein travel haust. Kyrkjebåten som inngår i bispedømmet sitt 900-års jubileum, var i Skjold kyrkje 6.–8. september med familieaktivitetar felles for sokna. Kyrkja i Skjold feirar 25-års jubileum, og Ølen kyrkje slår på stortromma ei heil veke under sitt 150-års jubileum i november. Då er kyrkja fullstendig oppussa. I Ølensvåg er nytt, stort bedehus snart klart, og nye grupper konfirmantar tar til med si førebuing i alle sokn.

Vi kan berre gratulera til alle og takka alle som deltek på dugnadar for å få nye bygg klare og som deltakarar i trusopplæring og ulike tenester. Utan all den frivillige innsatsen hadde vi ikkje klart dette.

Det hender at distribusjon av Hyrdingen gjennom Posten sviktar. Høyrer du om naboar som ikkje har fått kyrkjebladet i postkassen, så kontakt redaktøren, så skal vi etterlevere bladet til dei.

over, og for å visa litt av det flotte arbeidet som er gjort, m.a. mykje frivillig arbeid, dugnadar og oppgaver utførte av tilsette.

Kostnaden med å laga bladet og å distribuera dette gjennom posten har auka dei siste åra. Tidlegare vart det meste dekka av «frivillige bladpengar» som lesarane betalar. Her kjem

Min song

Omtale ved Per Ølfarnes



Per Ølfarnes kjem opprinneleg frå Kvinnherad, men han bur i Ølensvåg og arbeider på Lundeneset VGS der han har vore lærar i 19 år. Han har kone, to barn og fire barnebarn og likar godt menighetsliv og friluftsliv.

Songar som i eit gjenkjenneleg språk formidlar noko om Gud eller gudslivet, er det eg likar best. Gjerne med eit rikt språk. Å syngja er ein god måte å dvela ved ein tekst, ein bodskap. Eg set pris på gode songar som snakkar sant om det å vera menneske, som klarar å formidle kunnskap, kjensler og håp på ein måte som avslører erfaringar frå levd liv.

Det må bli to songar som eg har lyst å framheva. Dei er fulle av gjenkjennelege bilder. Begge er skrivne av Erling Tobiassen. Den fyrste er godt kjent og formidlar kor trygt det er å vera eit guds barn. Gjennom heile livet kan me vera trygge på at me er i Guds hand. Kanskje litt høgtideleg språk, men likevel ein song eg set stor pris på:

Jeg er i Herrens hender i alt som med meg skjer.
I smil og gråt jeg kjenner at Herren er meg nær.
Om jeg i dype daler må gå den tunge vei,
fra himlens høye saler hans øye følger meg.
Jeg er i Herrens hender når dagen dør i vest.
Min synd jeg stilt bekjenner for ham min høye gjest.
Han gir meg himlens nåde og setter englevakt,
for natten han vil råde med hellig guddommakt. (NS 494 v2-3).

Den andre songen skildrar kor vanskeleg det kan vera når tvilen blandar seg i truslivet og formørkar det som skulle vera lyst og lett:

Å Herre Krist når tvilen siver som høstkveldsmørket mot mitt sinn,
når tanken troens dødsdom skriver og frostvær slår i sjelen inn,
da Herre kom og vær meg nær, tross all min tvil jeg har deg kjær.
Å Herre Krist for dine føtter jeg legger tvilens tanke ned.
Gi vår igjen om frosne røtter, og skjenk mitt trette hjerte fred.
Ja, Herre, kom og vær meg nær, tross all min tvil du har meg kjær.
(NS 444v. 1 og 4.)

Denne songen har eit nydeleg språk. Her endrar fokuset frå å skildre kor vanskeleg truslivet kan vera, til å vise kor me skal leggje frå oss også dette, ved Jesu føter.

det inn mindre nå, men samstundes er det teke opp meir kyrkjeoffer til drifta og meir støtteannonser. For ti år sidan kom der årleg inn i bladpengar frå lesarane om lag 150.000 kr. I 2023 var dette berre på om lag 95.000 kr. Så har vi fått meir i kyrkjeoffer, gåver og litt auke i annonser, men samla syner rekneskapen underskott dei seinare åra, der vi har kome

ut med 5–6 nummer pr. år. Kanskje må vi frå 2025 redusera dette til fire nummer og nytta internett meir til informasjon. Sokneråda og Fellesrådet må drøfta korleis dei vil informera kyrkjemedlemene framover om aktivitet og tilbod.

Vil du støtta kyrkjebladet så bruk bankkonto: 3240.11.17937 eller Vipps-nr.: 531472.

Nye prestar i Vindafjord

Elisabeth Fauskanger

Av Steinar Skartland

Læraren, som etter teneste som søndagsskulekonsulent og kyrkjelydspedagog, snart er ferdig utdanna prest, er tilsett som ny fast prest i Skjold, Vats og Vikebygd sokn. Det siste året har ho hatt fleire gudstenester som prestevikar i Vindafjord, og gler seg til presteteneste i kommunen vår.

Sokneråd, medarbeidarar og kyrkjelydar i Vindafjord kan igjen gle seg over å ha fått to faste prestar tilsett frå denne hausten. I tillegg vil tre vikarprestar steppe inn for å sikra kyrkjelege tenester i alle dei åtte kyrkjene i Vindafjord. Elisabeth Fauskanger som vaks opp på ein gard med sau i Sokndal, starta yrkeskarrieren som lærar og adjunkt i skulen. Mange i Vindafjord kjenner henne kanskje frå dei 15 åra ho var søndagsskulekonsulent i Karmsund-Sunnhordland søndagsskulekrins? Etter nokre år som kyrkjelydspedagog på Stord og Bømlo, har ho det siste året vore prestevikar i Haugaland prosti, med teneste i Vindafjord. Ho og ektemannen er busett på Stord, der dei har fire søner mellom 16

og 27 år. Det komande året skal ho vera fulltidsstudent, og i haust kombinera det med 40% arbeid som prest, med særleg ansvar knytt til konfirmantane i Skjold, Vats og Vikebygd. Sigfred Sørensen vil ha hovudansvaret og vera den som deltek i soknerådsmøta.

– Eg held ennå på med studiar i teologi, fortel Elisabeth. Denne hausten skal eg skriva master-oppgåve, og til våren ventar «Praktikum» før eg kan vigslast til prest i juni 2025. Eg går på erfaringsbasert master: prest på MF i Oslo, og har nokre studieveker i Oslo kvart halvår. Det meste av studiane blir gjort heime.

– Etter at eg var prestevikar i Sunnhordland prosti i fjor sommar, tok eg kontakt med prosten i Haugaland, Rune Steensnæs Engedal, med spørsmål om det var behov for prest i prostiet. Det var grunnen til at eg kom til Vindafjord i fjor haust. Her har eg likt meg godt. Då det blei lyst ut ledig soknepreststilling i Skjold, Vats og Vikebygd søkte eg, og fekk jobben.

– Eg ønskjer å peika på Jesus og forkynna både for born og vaksne. Eg likar å samarbeida og spela på lag



Elisabeth Fauskanger, nyttilsett fast prest i Skjold, Vats og Vikebygd. (Foto privat)

med andre medarbeidarar i tenesta, og vil arbeida for at kyrkja skal vera eit relevant bygg for folk. Det er viktig for meg å inkludere og involvere både enkeltpersonar, lag og foreiningar. – Eg vil gjerne bli kjent med folk lokalt og snakka eit språk dei forstår, seier ho og viser til visjonen i søndagsskulen med fokus på Jesus og borna. – Vi er alle Guds born. Kyrkja trengs i samfunnet der folk bur og born veks opp.

Me ønskjer Elisabeth lukke til i siste del av utdanninga og gler oss til samarbeid med henne som fast prest i Vindafjord. Under fellesgudstenesta i Skjold kyrkje søndag 8. september vart ho innsett i prestetenesta her hos oss.

utdanninga som prest. Ho begynte som kateket i Norheim meinigheit då dei flytta til Vormedal, og arbeidde der i 11,5 år, før familien flytta til Spania og var i Sjømannskyrkja i Torrevieja i 3,5 år. Etter at familien kom heim igjen til Vormedal hadde ho eit vikariat i Førresfjorden, og dei siste to åra har ho vore i Vår Frelzers meinigheit i Haugesund.

Kva var det som gjorde at du valde å bli prest?

– Det har egentleg vore ein ganske lang prosess. Eg har alltid vore glad i gudstenesta, og å arbeide med liturgi og det desse formidlar om Guds nærvær i alle situasjonar i livet. Me budde i Spania under pande-

Musikalsk gudsteneste

Tekst og bilete: Steinar Skartland

Bilane stod tett langs vegen frå kyrkja i Vikebygd og opp til hovudvegen, 7. juli. Ikkje alle hadde fått plass på parkeringsplassen, men alle fekk plass inne i kyrkja der både musikk, solosong og salme-song fylte rommet.

– Dette er ei perla av ei kyrkje, sa presten Bård Egil Dyrhol som leia gudstenesta og fekk med seg kyrkje-lyden ståande i songen om Sakkeus. På preludiet var det samspel mellom organisten Arne Tveit og sologitaristen Helge Veastad. Takkoferet denne dagen gjekk til nytt lydanlegg i kyrkja,



Håvard, Arne, Sunniva og Iselin framførte song og musikk.

noko som vil koma godt med når vi har med oss gode song- og musikkrefter.

Under gudstenesta fekk vi duett-song av jentene Josefine Mari Skartland og Yngvild Tveit som song: "Idas sommervise" og "Drømmeønske". Cathrine Nordseth, saman med

Helge Veastad (gitar) og Arne Tveit (orgel), song "Håpets sang" og "I morgen er der også en dag". Iselin Eidhammer Tveit og Sunniva Tveit framførte: Kor djup vår Faders kjærleik er" og "In Christ alone" til musikk av Arne og Håvard Tveit.

Stemne på Vikestølen

Tekst og bilete: Steinar Skartland

Tradisjonen tru, frå år 1900 til i dag, kom folk til fjellstemne på Vikestølen kl. 12, siste søndagen i juni.

42 turgåarar med niste i sekken sessa seg utanfor hytta. Talaren, tidlegare rektor på Vik skule og mangeårig sjømannsprest Rune Birke-

land, hadde vore her mange gonger før, både som talar og som medlem i styret for møta, den tid han budde i Vikebygd. Fleire deltok med song og musikk i møtet.

Eit styre med ein frå kvar av kyrkjesokna: Ølen, Bjoa, Skjold, Vats og Vikebygd, har ansvaret for stemnet. Jørgen J. Landa, som har representert Vats i mange år og også dikta fleire songar til stølsmøta, ville nå ha avløyning. Leiaren for styret, Hans Asbjørn Aasbø, kunne presentera Håkon Børre M. Koltveit som nytt



Håkon Børre M. Koltveit og Hans Asbjørn Aasbø.

medlem. Dei andre i styret er: Olav Granberg, Endre Stople og Steinar Skartland.

Eli Kolstad

Har alltid vore glad i gudstenesta

Av Ingrid Mathilde Sørvåg

Eli Kolstad er den nye presten i Sandeid, Vikedal og Imsland. Ho er 47 år, og kjem frå Nesttun utanfor Bergen. Sidan 2006 har ho budd på fastlandsdelen av Karmøy, på Vormedal, saman med mannen Einar og dei tre døtrene som er 13, 19 og 20 år. Ho har ein travel kvardag med oppfølging av både born og studiar, og slappar godt av med strikking når ho finn tid til det.



Eli Kolstad – ny prest i Sandeid, Vikedal og Imsland. Vert innsett i tenesta 22.9. (Foto privat)

Eli Kolstad er utdanna kateket, og har vidare tatt «Master in theology and ministry» og praktisk teologiske fag. Til våren skal ho ta avsluttande praktikum, og skal vera ferdig med

Heilt med i Vats

Tekst: Iselin Eidhammer Tveit



Venskapsleirbål med internasjonale gjester. Foto: Andreas Tveit



Portalen til dei tre gruppene. Foto: Iselin Eidhammer Tveit



På kanohaik. Foto: Karianna Dagsland



Johanna Krakk
på scenen.
Foto:
Sigbjørn Mortveit

I juli var over 350 ungdommar samla til kretsleir for Haugaland KFUK-KFUM-speidarar på bakkane nær kyrkja i Vats i ei heil veke.

20.–26. juli var det tid for kretsleir for Haugaland KFUK-KFUM-speidarar. Kretsleir finn stad kvar fjerde år, men på grunn av korona i 2020 var det no 8 år sidan sist kretsen var samla til leir. Det var difor mange spente speidarar som møtte opp for nesten ei veke på leir!

Skjold, Vats og Vikebygd har alle aktive speidargrupper, og då desse gruppene allereie har eit godt samarbeid var det naturleg å halde fram med dette på leiren. På leiområdet, som låg fint til ved sida av Vats Kyrkje, låg dei tre gruppene tett i tett. Kjekt for både speidarar og vaksne! Fleire av leiarane frå både Skjold, Vats og Vikebygd var også i stab (ansvar for gjennomføring av ulike deler av leiren) i tillegg til å vere leiar i eiga speidargruppe.

På kretsleiren fekk speidarane bryne seg på ulike konkurransar, matlaging og oppvask, haik (sove ei natt vekke frå leiren utan dei vaksne), samlingar, gudsteneste, leirbål og mykje meir. I tillegg til dei rett over 250 norske deltakarane, var det også litt over 100 internasjonale speidarar, som etter leiren skulle vidare på Roverway i sørfylket – ein internasjonale leir for dei eldre speidarane. Mange av våre speidarar nytta sjansen til å trenar opp engelskkunnskapane, og mange fekk også bytta til seg eit speidarskerf frå eit anna land. Det var også spennande å lære nye leiker og rop, og det er nok fleire speidarar som etter leiren hoppar rundt som portugisiske popkorn...

Det er ikkje første gong det er kretsleir i Vats. For 12 år sidan, i 2012, var det også kretsleir, på same stad. På speidargudstenesta den gongen blei det døypt ei lita jente: Johanna Krakk frå Vats. Ho hadde sin første speidarleir i år, og blei difor tatt opp på scenen på ein av dei siste dagane, for å få eit lite minne frå den dagen. Kjekt (og litt flaut, i følge hovudpersonen sjølv)!

Me gler oss allereie til neste år – då skal det vere landsleir i Gjøvik, der det er rekna med at det vil bli nærare 12000 deltakarar. Speidarane i dei tre bygdene våre må halda av 5.–12. juli 2025, og i mellomtida: ver budd!

Dugnad på Ølen kyrkje

Tekst og foto: Liv Kari Bødtker

Dette året har det vore utført arbeid både av innleigde fagfolk og mange dugnadsfolk på Ølen kyrkje. Den har vore stengd, gudstenestlege handlingar måtte gjerast på Kyrkjetunet og konfirmasjonane på Bjoa for alle. Nå nærmar det seg at den er klar for jubileum. Ein av dei som har fått mange lovord for innsatsen med å leia dugnadsarbeidet, er Bjørn Asgeir Lunde, som har vore involvert i dugnadsarbeidet mest kvar dag i denne tida.

Oppussing av vindauga i sjølve skipet på Ølen kyrkje stod eigentleg ikkje på planen, men måtte gjerast etter at ein oppdaga lekkasjar som ville ført til råteskadar. Anbudet på jobben lydde på 500.000 kr., noko det ikkje var pengar til. Arbeidet har difor vore gjort på dugnad, og dette har vore ein svært omfattande og krevjande jobb som krev fagkunnskap og stø hand. Magne Østvold (bildet) har brukt mange timar på vindauga, og



Magne Østvold.

er nå endeleg i gang med grunning og maling før dei skal setjast tilbake i veggene og malast ferdige.



Ole Hvidsten og Bjørn Asgeir Lunde.

Preikestolen er flytta, halvveggene på kvar side er rivne for å opna opp

korset og gi betre plass og innsyn. Dugnadsgeneral Bjørn Asgeir Lunde saman med gode hjelparar, her Ole Hvidsten, lagar ny kortrapp over heile breidda.



Odin Lunde (i liften).

Også utvendig blir kyrkja «sjaina» opp til jubileet. Ungdommen Odin Lunde (i liften) var med å fjerna mose på skifertaket og vaska grønske og trafikkstøv frå veggene så kyrkja blei skinande kvit igjen.

For å koma i hamn med økonomien er sokneråd og prosjektleiing avhengig av gåver til arbeidet. Gåver kan sendast til konto: 3240.16.25215.

Historisk vandring på Ølen kyrkjegard

Tekst og foto: Steinar Skartland

Den dagen der soknerådet hadde invitert til ei historisk vandring på kyrkjegarden, opna «himmelens sluser» seg over Ølen. Eg måtte ringa til historikar Anders Haugland og spørja: – Blir det noko av arrangementet i dette vêret? Jo, Anders var optimist og skulle stille opp med programmet han hadde førebudd til 5. juni.

Trass i regnet så kom folket ein etter ein, og fleire i lag. Kledde i regnklede, turklede og med paraplyar. Då tida for oppstart var komen, var det folk sammt på kyrkjegarden. Interesse for å høyra Haugland fortelja var stor. Og etter kvart kom det også sol over flokken.

– Eg ønskje velkommen til det som har vore den religiøse samlingsstaden her i kanskje 2000 år, innleia Haug-

land med og tok oss med frå plass til plass medan han orienterte grundig om historia for kvar plass. Frå Norrøn tid med sjøfararens eller havets gud Njord og fram til i dag. Han var innom jernalderen med grindbygg, om kyrkja som organiserte seg i sokn og om presten Peter Heltberg. Han viste oss kor den gamle kyrkja stod, her på kyrkjegarden. –Velkommen til kyrkja, sa Haugland og peika ut kor våpenhuset låg. 25 m lang og 9 m brei, og han kunne skildra detaljert om det tjørebreidde bygget og gravkammeret under kyrkja.

Det var ei interessant vandring og god orientering om kyrkje og kyrkjegard i gammal tid, krydra med mange spennande hendingar og i ein større samanheng enn eg var klar over. Eg skal ikkje referera foredraget, men reknar med at ein del er med i jubileumsboka.



Stor interesse for å høyra Anders Haugland fortelja.



Haugland ved gravstøtta til Peter Heltberg, sokneprest i Fjeldberg og Ølen 1662–1702.

Nå treng kyrkjegarden utvidast og vonleg få bygd betre veg opp frå den jubilerande kyrkja i Ølen. Det har det vore arbeida for i mange år og vi vonar det ordnar seg til slutt.

Ølen Kyrkje 150 år

Av programkomité og aktørar, tilpassa av redaksjonen.



Program Jubileumsveka 3.–10. november

3. november kl. 19.00:	Svein Tindberg framsyning: «Som skrevet står».
5. november kl. 19.00:	Konsert: Nils Økland (feler) og Sigbjørn Apeland (trøorgel og piano).
7. november kl. 12.00:	Torsdagstreff-foredrag av Anders Haugland om den nye Jubileumsboka.
7. november kl. 19.00:	Kveldsarrangement i kyrkja der Anders Haugland og Johanne Øvstebø Tvedten fortel historier med utgangspunkt i Jubileumsboka. Guri og Kjell Ravatn deltar.
9. november kl. 19.00:	Salme-, Lovsong- og Gospelkonsert.
10. november kl. 11.00:	Jubileumsgudsteneste med besøk av biskop Anne Lise Ådnøy og prost Rune Steensnæs Engedal. Barnekoret Soul Kids deltar.

Billetter til arrangementa vert selde på internett: Ticketco.com (Sjå: kyrkja si webside og Facebook)

Omtale om dei ulike programinnslaga

«Som skrevet står» - ved Svein Tindberg

Dette vert ein kveld med litt glimt i auga, mykje latter i kyrkja, men også reine bibeltekster. «Som skrevet står» er ei ny framsyning, spesielt tilrettelagt kyrkjerommet, med høgdepunkt frå Apostel-gjeringane, Markus, Abrahams barn og Gudspartikkelen. Svein Tindberg er skodespela-ren som har levandegjort det kristne evangeliet for fleire hundretusenar av menneskje, og det ved berre å ta i bruk dei bibelske tekstane og sine eigne opplevingar, sin søken, sin tvil og si tru. Han tar også publikum med litt «bak kulis-sane». Du får sjå korleis han som kunstnar og teatermenneske nærmar seg disse tekstane. «Det er lov å leike litt med bibeltekstane og sjå kva som faktisk står», har han uttalt.



Svein Tindberg.

Konsert med Nils Økland og Sigbjørn Apeland

I Ølen kyrkje, tysdag 5. november

Sigbjørn Apeland (trøorgel og piano) og Nils Økland (feler) er to markante musikarar som har hatt eit tett samarbeid over eit langt tidsspenn, og har saman skapt ei musikalsk uttrykksform som spenner svært vidt.

Sigbjørn Apeland kom til Ølen som nyut-danna organist i 1988, tilsett fram til 1992, og hadde ein spennande musikalsk bagasje med seg, med røter både innan tradisjonell klassisk musikk og fri improvisasjonsmusikk. Uvanlege og spennande klanger kunne fylla kyrkjerom-met på konsertar han arrangerte i denne tida. Innsamling av lokal folkemusikk var eit anna felt som står igjen som eit svært verdfullt arbeid som Sigbjørn gjorde.

Nils Økland er klassisk utdanna fiolinist, men er og ein sær dyktig utøvar på hardingfele. Han har skapt si eiga, svært personlege uttrykksform



Nils Økland og Sigbjørn Apeland.
Foto: Begge bileta er motteke frå artistane.

der folkemusikk og improvisasjon er viktige element.

Saman har dei utgitt fleire CD-plater med religiøse folketonar frå vårt distrikt som utgangspunkt. Med kombinasjonen trøorgel og fele/hardingfele skaper dei eit klangunivers som er helt deira

eige. Den siste plata heiter «Glimmer» og kom ut hausten 2023. Den har med fleire av folketonane som Sigbjørn samla inn frå organisttida si i Ølen. Vonleg får vi høyre fleire av dei på konserten. Kyrkeorganist og etnomusikologdoktor Sigbjørn Apeland har sitt daglege virke ved Griegakademiet, og har medverka på nær 60 plater.

Presentasjon av jubileumsboka

Torsdag føremiddag blir det foredrag på Torsdagstreffet ved forfattaren av boka, Anders Haugland. Om kvelden blir det eit kveldsarrangement i kyrkja: Anders Haugland sin presentasjon av jubileumsboka. Guri og Kjell Ravatn deltar med innslag av kveldsbøner og songar dei har samla inn. Johanne Øvstebø Tvedten blir med. Ho har arbeidd som frilands-forteljar/-formidlar i ein mannsalder, og har også vore tilknytt Sunnhordland Museum som formidlar før ho nyss gjekk av med pensjon. Fleire av historiene frå jubileumsboka blir gjort levande for publikum med hennar engasjerande framføring.

Dramatisert kyrkjehistorie for elevane på Ølen ungdomsskule

Jubileumskomiteén samarbeider

med «Den kulturelle skulesekken», og på denne måten får dei om lag 150 ungdomsskuleelevane frå Ølen, Ølensvåg og Bjøa si eiga jubile-umsførestilling i skuletida. Forteljar/ formidlar Johanne Øvstebø Tvedten saman med skodespelar Bjørn Arve Lunde skreddarsyr ei førestilling som sjølsagt blir framført i den nyop-pussa kyrkja. Gjennom levande for-teljingar og dramatiserte episodar får ungdommane innblikk i korleis det var å vera ung i kyrkja og kyrkjelivet i Ølen og bygdene rundt for 150 år sidan. Dato er i skrivande stund ikkje fastsett.

Salme-, Lovsong- og Gospelkonsert

Laurdagskvelden vert det mykje god song og musikk, der m.a. eit prosjektkor vil opptre med fleire svingande songar. Her er det ope for alle som likar å syngja i kor til å delta på nokre øvingar i forkant. Me har fått med Kari Synnøve Haugen som dirigent. (Øvingar: Kyrkjetunet måndagar frå 14. okt. kl. 19.00. Sjå eige Facebook-arr.). I tillegg blir gjesteopptreden med Lilli Mari Vik, Sveinung Bjelland m.fl. Det blir også allsong, så her kan alle stemma! «Godlyd» vert laga av eit band med: Anders Lunde, Jan Sverre Frønsdal,

Bjørn Asgeir Lunde, Einar Bakke og Arne Tveit. Me håpar mange vil bli med i prosjektkoret og elles er klar for ei musikalsk oppleving av høg kvalitet.

Jubileumsgudsteneste

Søndag 10.11. blir det jubileums-gudsteneste med besøk av biskop Anne Lise Ådnøy og prost Rune S. Engedal. Barnekoret Soul Kids deltar.



Biskop Anne Lise Ådnøy.
Foto: Marie von Krogh/Stavanger bispedømme

Jubileumsboka for Ølen kyrkje 1874–2024

Av Anders Haugland, redaktør
Foto: Liv Kari Bødtker

Boka har gått i trykken, og me reknar med å få henne i hende i løpet av september. Det vert ei flott bok på 236 sider, vakkert dekorert og med mange bilete – dei fleste i fargar. Ho inneheld eit rikt utval av ulike artiklar, skrivne av forfattarar med ulik bakgrunn og ståstad. Stoffet er delt inn i elleve hovudkapittel, som avspeglar ulike periodar – kvar med sine særdrag og utfordringar.

Her kan me finna mange spen-nande historier, om alt frå det heiden-ske gudehovet og stavkyrkja øvst på haugen til dagens kyrkje nede ved sjøen. Om eit sterkt bygdefolk i den



Ølen kyrkje i ei ny tid – med nye impulsar og utfordringar.

tida kyrkja blei bygd, som protesterte mot både lensmann og prest. Om eit rikt barne- og ungdomsarbeid knytt til Ølen kyrkje frå 1970-talet og i fleire tiår. Og me får lesa om kvinner som frakta med seg rokken til foreinings-møte, for misjonen si sak. Boka gir slik eit tidsbilete av folk og kristenliv i Ølen og Vågen gjennom dei siste 150 åra.

Boka kan bli ei fin gåve til mange – kanskje til jul? I allfall er det mange som har spurt etter denne boka, og ønskjer å sikra seg eit eksemplar eller to! Ho vil koma i sal på ulike stader utover hausten, m.a. i bok-handelen i Ølen.

Minneord Olav Velde – eit JA-menneske

Tekst: Trygve Sandvik

Søndag 16. juni sovna Olav Velde stille inn 75 år gamal. I siste del av mars d. å. hadde han fått påvist ein kreftsjukdom i hovudet som ikkje kunne lækjast. Med Olav gjekk ein tru tenar innan speidar-rørsla bort, og eit ja-menneske i bygdesamfunnet var ikkje meir.

Olav var fødd i Vats, og han utdanna seg til lærar. I så godt som heile lærargjeringa si var han ved skulen i Vats, og utanom skuletida og arbeidet på garden var han aktiv på mange område. Men det var først og fremst speidararbeidet som var hovudinteressa hans. I skulen såg han den store trongen for at elevane fekk med seg faste og gode haldepunkt i livet, og gjennom speidararbeidet fekk han peika på at livet var meir enn berre fagleg lærdom. Å få gi noko til dei unge i form av gudstru og praktisk lærdom, var målet med engasjementet hans. På gravferdsdagen i kyrkja tala presten ut frå mellom anna Matt. 25 om likninga om talentane og korleis

tenarane i denne likninga hadde forvalta dei eigendelane som herren deira hadde gjeve dei då han reiste utanlands. Presten samanlikna det speidararbeidet som Olav hadde gjort med den pliktoppfyllande forvaltninga av talentane i evangeliet, og han heldt fram at Olav ved si gjerning hadde vore ein trufast og god tenar som hadde nytta talenten sin (evnene sine) til glede og omsorg for mange.

Olav var også klokkar i fleire år, og han heldt fram med dette arbeidet heilt til sjukdomen kom og sette ein stoppar for arbeidet. Under preika si på gravferdsdagen uttalte presten at «han var aldri så trygg under preika som når Olav var klokkar»

Engasjementet til Olav i bygda var stort. Han var eit typisk ja-menneske som tok på seg oppgåver på mange felt. Innan kyrkja og bedehuset var Olav ein sjølvskriven person når det skulle skipast til noko anten det var jubileum, festar, basarar eller andre tilskipingar.

Elles var han aktiv i sogelagsarbeid, i Vindetrete og andre kulturelle samanhengar. Men først og fremst var han familiemann med stor omsut for dei næraste, og han gledde seg stort på familieturar og samankomstar med storfamilien.

På gravferdsdagen var det mange speidarar både frå Vats og distriktet omkring til stades, og kyrkja var fullsett til siste plass. Ved avslutninga



Olav Velde. (Foto Astrid Velde)

i kyrkja song ein speidarbøna under ei ståande forsamling. Deretter vart kista boren ut. Under minnemøtet var det dekkja til «over alt» på Arken (det nye bedehuset/soknehuset). Dei mange vitnemåla på møtet fortalde kva Olav hadde betydd for mange og kor raus person han hadde vore.

Saknet etter Olav Velde er stort og ufatteleg først og fremst for kona Astrid og borna som har mista ein kjærleg og omsorgsfull mann og far, men heile bygda og venekretsen utanfor er prega av dette. Me vil takka for det Olav var, og lysa fred over hans gode minne.

Kom og bli med på Supersong! Sandeid, Vikedal og Imsland

Tekst: Berit Stople

Når det går mot haust og vinter kan alle ungar 3–5 år i Sandeid, Vikedal og Imsland bli med på song og leik på bedehuset i Sandeid eller i Vikedal. Her både syng me, dansar, leikar og spelar instrument i lag, både ungar og vaksne. Me startar opp i Sandeid 24. oktober og i Vikedal 21. januar og har fem samlingar på kvar plass. Kyrkja sender ut invitasjonar til 3-åringane, dei andre kan sjå invitasjon på plakatar eller på vindafjord. kyrkjer.no ei stund før oppstart.



Basar i Imsland

Tekst og foto: Marita Staurland

Om lag 70 var samla til basar på bedehuset i Imsland ein fin julkveld. Svein Helge Bergsfjord frå Indre sjømannsmisjon hadde andakt. Morten Brekke (gitar) og Marita Staurland (piano) leia allsong, årsal og trekking. Soknerådet og nokre bygdefolk stilte med bakst og som kjøkenhjelp. Her var god stemning og fine gevinstar, og me fekk inn 27.000 kr. Takk til alle som kom.

Trusopplæring hausten 24

Tekst: Britt Karstensen

Trusopplæring (- eller «Kyrkjeleg Undervisning» som det snart skal heite...) er eit stort og viktig satsingsområde for kyrkjelydane. Masse skjer i regi av frivillige rundt omkring, – ulike kor, klubbar, Speidar, Søndagsskule osv. – andre ting inviterer kyrkja til med jamne mellomrom.

Babysong har samlingar for alle Vindafjord-babyar i Ølen og Skjold, 4-åringane blir inviterte til å få ein flott Barnebibel og kjenna at dei er «Heime i kyrkja». Det blir «Krølle-samlingar» for 2-åringane, andre blir inviterte til «Gudsrikeleiken», og 3. klassingane får bli med på gardsbesøk «Naturlegvis!» med fokus på skaparverk, mestring og Guds omsorg for heile oss.



Nytt i år er at 5. klassingane får utdelt bibelboka «Tidslinja» i staden for konfirmantbibelen. (Kanskje blir det ei «Linjesamling» også i samband med dette?) 6. klassingane får som vanleg bli med å feira kyrkja sin nyttårskveld før 1. søndag i advent på «Lys Vaken» I tillegg blir det nokre tiltak lokalt i



Sist haust fekk 4-åringane oppleve og utforske den «gamle» kyrkja i Ølen. I år får nye 4-åringar innvie ei nyoppussa kyrkje i andre fargar – spennande! - me gler oss til å bli kjend med og føle oss heime her også!

dei ulike bygdene. Me prøver stadig å utvikle oss – tips gjerne om gode idear til nye ting me kan gjera!

Og vipps...så er det jul igjen...og me kan gleda oss til eit vårsemester med aktivitetar for andre aldersgrupper!

Konfirmantarbeidet

Tekst: Britt Karstensen

95 kyrkjekonfirmantar startar desse dagar på ei spennande og innhaldsrik tid der me prøver ut eit tettare samarbeid på tvers av bygdene enn det som har vore før. Det er kjekt med det nære, trygge og kjende, men det er også kjekt med nye venskap. Årets konfirmantar får begge deler!

I alt utgjør konfirmantåret ca 60 timar, inkl 8 gudstenester. Nokre av timane

får konfirmantane velja interessegrupper. Sprekingar skal ut på tur-aldri sur, andre skal utfolda seg kunstnarisk, skyta, sjå på film, visa omsorg for dei eldre eller ta del i og hjelpa til med barne og ungdomsarbeid. Gode samtalar blir det utan tvil alle plassar!

Me gler oss også til felles leirdag på Brandøy, besøk av illusjonisten Ruben Gazki som utfordrar oss på kva som er sant og sunt, og Konfirmantfestival med konfirmantar frå heile Haugalandet.

Konfirmanttida er ei tid for å tenkja

KONFIRMAN* 2025

nye tankar, diskutera, oppleve trua, veksa både på eine og andre måten (- alle guteforeldre veit at det nyttar ikkje å kjøpa konf.dress før konfirmasjonsdagen nærmar seg!) og forhåpentlegvis bli litt klokare og tryggare på både identitet, tru og tilhørslse.

Me gler oss til meningsfulle stunder med flotte ungdomar i tida fram mot dei store festdagane i april/mai!



Borgny og Olaug skriv så blekket sprutar.



Lasse og Nina, kjøkenhjelp på basaren.



Marita og Morten leia allsong og trekking .



GRAVSTEIN

Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.



LUNDENESET VGs
- en kristen internatskole i Ølensvåg

Vi tilbyr

- IT og medieproduksjon
- Salg, service og reiseliv
- Studiespesialisering
- Påbygging til generell studiekompetanse

Les mer på **www.lvs.no**



Vi er en del av **NLM VGs**



Knapphus Bil

5576 Øvre Vats Tlf. 95 10 55 76



Knapphus Dekk & Bilverksted

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12



SpareBank 1
SR-BANK



Haugesund Sparebank

BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.

**Ølen Blomster**

Tlf. 53 76 88 35 • www.olensenter.no





Vikebygd Landhandel AS

Tlf. 53 76 91 69 - joker.vikebygd@joker.no



Ølen Betong

Tlf. 5377 5200 - www olenbetong.no





tsrevisjon

Karmsundsgata 4 – 4250 Kopervik



GRANBERG GARVERI

Bjoavegen 187 - 5582 Ølensvåg
Tlf. 52 76 50 00 www.granberggarveri.no

Dato	Stad/kyrkje	Tid	Info: Sjå kunngjering av endringar på vindafjord.kyrkjer.no	Bibeltekst
15/09	Skjold kyrkje	11:00	Gudsteneste med konfirmantpresentasjon. Takkoffer: kyrkjelydsarb.	Luk 7,11-17
15/09	Bjoa kyrkje	11:00	Gudsteneste med konfirmantpres. både Ølen og Bjoa. Takkoffer: Trusopplæring	Luk 7,11-17
15/09	Sandeid kyrkje	11:00	Gudsteneste. Konfirmantpresentasjon. Takkoffer: Konfirmantarbeidet	Luk 7,11-17
22/09	Vats kyrkje	11:00	Gudsteneste. Konfirmantpresentasjon og gullkonfirmanter. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Matt 8,5-13
22/09	Vikedal kyrkje	11:00	Gudsteneste. Innsetjing av Eli Kolstad, Takkoffer	Matt 8,5-13
22/09	Imsland kyrkje	13:00	Gudsteneste. Innsetjing av Eli Kolstad. Takkoffer	Matt 8,5-13
29/09	Kyrkjetunet i Ølen	11:00	Gudsteneste felles Ølen-Bjoa. Gullkonfirmantar, Takkoffer: Diakoniarbeidet	Joh 7,14-17
29/09	Vikebygd kyrkje	11:00	Gudsteneste. Konfirmantpresentasjon og Gullkonfirmanter. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Joh 7,14-17
06/10	Skjold kyrkje	11:00	Gudsteneste. Gullkonfirmanter. Takkoffer: Sjømannskyrkja	Mark 10,2-9
06/10	Sandeid kyrkje	11:00	Gudsteneste. Gullkonfirmantar. Innsetjing av Eli Kolstad. Takkoffer: Leger utan grenser	Mark 10,2-9
20/10	Skjold kyrkje	11:00	Familiegudsteneste. Hausttakkefest. 4-åringer. Takkoffer til Sambolabo	Joh 12,35-36
20/10	Vikedal kyrkje	11:00	Familiegudsteneste. Hausttakkefest. 4-åringer. 5.-klassingar. Takkoffer	Joh 12,35-36
20/10	Vats kyrkje	13:00	Familiegudsteneste. Hausttakkefest. 4-åringer. Takkoffer: Sambolabo	Joh 12,35-36
20/10	Imsland kyrkje	13:00	Familiegudsteneste. Hausttakkefest. 4-åringer. 5.-klassingar. Takkoffer	Joh 12,35-36
27/10	Vikebygd kyrkje	11:00	Familiegudsteneste. Hausttakkefest. 4-åringer. 5-klasse. Takkoffer	Luk 18,9-14
27/10	Sandeid kyrkje	11:00	Familiegudsteneste. Hausttakkefest. 4-åringer, 5.-klassingar. Takkoffer	Luk 18,9-14
27/10	Ølen kyrkje	16:00	Familiegudsteneste. Hausttakkefest. 4-åringer, 5.-klassingar. Takkoffer: Misjonsprosjektet	Luk 18,9-14
03/11	Skjold kyrkje	11:00	Gudsteneste. Invitasjon til pårørende siste året. Takko: Kirkens Nødhjelp	Matt 5,13-16
03/11	Sandeid kyrkje	11:00	Gudsteneste Allehelgensdag (felles Vikedal, Imsland, Sandeid). Takkoffer	Matt 5,13-16
03/11	Ølen kyrkje	11:00	Gudsteneste, Helgemessesundag. Invitasjon til pårørende. Takkoffer: Hyrdingen	Matt 5,13-16
03/11	Bjoa kyrkje	13:00	Gudsteneste. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Matt 5,13-16
10/11	Ølen kyrkje	11:00	Jubileumsgudst. 150 års jubileum Ølen kyrkje. Prost og biskop deltar. Takkoffer: oppussingsarb.	Matt 14,22-34
17/11	Arken - Vats	11:00	Gudsteneste. Takkoffer til Arken	Joh 9,1-7.35b-38
17/11	Vikedal kyrkje	11:00	Gudsteneste. Takkoffer	Joh 9,1-7.35b-38
24/11	Ølen kyrkje	11:00	Gudsteneste. Takkoffer til Misjonshøgskolen	Matt 25,1-13
24/11	Skjold kyrkje	11:00	Gudsteneste. Takkoffer	Matt 25,1-13
01/12	Bjoa kyrkje	11:00	Familiegudsteneste Bjoa. Bok 4-åringer, bok 5. klassingar. Takkoffer: Brandøy	Matt 21,10-17
01/12	Sandeid kyrkje	11:00	Familiegudsteneste. Takkoffer	Matt 21,10-17
01/12	Vikebygd kyrkje	17:00	Lysmesse. Konfirmantar og speidarar Takkoffer: KFUM/K speidarar	Matt 21,10-17
01/12	Vats kyrkje	19:00	Lysmesse. Konfirmantar og speidarar Takkoffer: KFUM/K speidarar	Matt 21,10-17

VIKEDAL	SKJOLD	VATS
Vigde: 03.08.24 Anette Strømland & Ola Skipevåg 10.08.24 Ingunn Langballe & Andre Seim Døyppte: 02.06.24 Elias Helland Leifsen 03.08.24 Hanna Skipevåg Gravlagt: 23.04.24 Henning Erik Guldhav f.1936	Vigde: 29.06.24 Elisabeth Nesheim Vestre & Sondre Bjertnes Hansen 27.07.24 Tor Martin Stople & Ina Stokke Kvinge 03.08.24 Olav Anders Eide & Maliwan Inphama Døyppte: 04.08.24 Tobias Jamne Eide 04.08.24 Vemund Lindanger 04.08.24 Marius Nesheim Hårde 04.08.24 Helga Eikeland Nesheim Gravlagt: 16.05.24 Astrid Mortveit f.1928 25.07.24 Astrid Margrethe Schei f.1933	Vigde: 08.06.24 Kjersti Skrunes Moen & Jøran Hallstein Pedersen Moen Døyppte: 04.05.24 Eydrian Josué Viana Olivar 30.06.24 Brian Bådsvik 28.07.24 Liva Bjertness 28.07.24 Elvira Østrem Eikje Gravlagt: 26.04.24 Berta Dagsland f.1924 31.05.24 Sverre Arnolf Duesund f.1936 25.06.24 Olav Velde f.1949
IMSLAND	VIKEBYGD	
Vigde: 29.06.24 Elisabeth Evertsen Rygh & Mathias Birkeland Rygh	Gravlagt: 09.08.24 Karl Tindeland f.1937	

FRÅ KYRKJEBOKA

BJOA	Døyppte:	Døyppte:
Døyppte: 19.06.24 Ylva Djuve Matre Gravlagt: 28.06.24 Karine Margrethe Veim f.1933	19.05.24 Nora Stensland Berge Gravlagt: 21.06.24 Sigrid Ebne f.1943	Døyppte: 07.04.24 Henrik Hatlestad Øverland 07.04.24 Viljar Gjellestad Heggen 09.06.24 Viljar Sætre 30.06.24 Osvald Nesheim-Vestbø Gravlagt: 30.06.24 Kåre Martin Rødne f.1932 19.07.24 Leiv Magne Larsen f.1958 30.07.24 Audhild Moland f.1935 02.08.24 Ingrid Lofthus f.1940
ØLEN	SANDEID	
Vigde: 20.07.24 Silje Holden Birkeland & Sjur Erling Heggen	Vigde: 01.06.24 Mariann Vestbø Sandgård & Tore Stople 08.06.24 Ann-Jeanette Ekelund & Thor Olav Gunvaldjord	

Bedehusa i Skjold

17.09.	tysdag	19.00	Isvik: Samemisjonen
19.09.	torsdag	19.00	Ersland: Bønemøte
20.09.	fredag	19.00	Ersland: Basar Indre Sjømannsmisjon
23.09.	måndag	19.00	Ersland: Yngres til 20:30
24.09.	tysdag	19.00	Ersland: Godt Nytt
26.09.	torsdag	16.00	Kyrkja: 60 +
27.09.	fredag	18.30	Kyrkja: HFOF 5. – 7. kl.
01.10.	tysdag	19.00	Austrheim: Israelsmisjonen
08.10.	tysdag	19.00	Isvik: Indre Sjømannsmisjon
10.10.	torsdag	19.00	Ersland: Bønemøte
15.10.	tysdag	19.00	Ersland: BE-gjengen Ev. Orientmisjon
16.10.	onsdag	19.00	Isvik: Bedehusbasar
21.10.	måndag	19.00	Ersland: Yngres
22.10.	tysdag	19.00	Ersland: Normisjon
25.10.	fredag	18.30	Kyrkja: HFOF 5. – 7. kl.
26.10.	laurdag	12.00	Ersland: Bedehusbasar
29.10.	tysdag	19.00	Isvik: NLM Misjonssambandet
31.10.	torsdag	16.00	Kyrkja: 60 +
31.10.	torsdag	19.00	Ersland: Bønemøte
04.11.	måndag	19.00	Ersland: Yngres
05.11.	tysdag	19.00	Ersland: MAF (ein flymisjon)
12.11.	tysdag	19.00	Austrheim: Israelsbasar
16.11.	laurdag	12.00	Ersland: Misjonsmessa
18.11.	måndag	19.00	Ersland: Yngres
19.11.	tysdag	19.00	Isvik: NMS Misjonsselskapet
21.11.	torsdag	19.00	Ersland: Bønemøte
26.11.	tysdag	19.00	Ersland: Lys over Land
28.11.	torsdag	16.00	Kyrkja: 60 +
29.11.	fredag	18.30	Kyrkja : HFOF 5. – 7. kl.

Kyrkjetunet i Ølen

Sjå aktivitetar i kalenderen og meir informasjon på: www.kyrkjetunet.no

22.09.	søndag	19.30	Søndagsmøte med Aud Vihovde (Normisjon)
26.09.	torsdag	19.00	Fellesforum
03.10.	torsdag	11.00	Torsdagstreff. Pris kr 100,-. Alle velkommen
24.10.	torsdag	19.00	Fellesforum
13.11.	onsdag	19.00	Chosen 3 - samling 1
17.11.	søndag	19.30	Søndagsmøte med Trygve Svendsen (Normisjon)
27.11.	onsdag	19.00	Chosen 3 - samling 2
01.12.	søndag	19.30	Søndagsmøte med Roar Flacke (Normisjon)

Vindafjord Soul Kids (5-10 år) har øvingar annakvar torsdag kl 17:30

Bønnemøte kvar tirsdag kl 19:30

Innbjoa bedehus

16.09.	måndag	18.30	Bønnemøte
23.09.	måndag	18.30	Sosial samling
30.09.	måndag	18.30	Bønnemøte
07.10.	måndag	18.30	Bønn og nattverdsmøte
14.10.	måndag	18.30	Bønnemøte
21.10.	måndag	18.30	Sosial samling
28.10.	måndag	18.30	Bønnemøte
04.11.	måndag	18.30	Bønn og nattverdsmøte
11.11.	måndag	18.30	Bønnemøte
18.11.	måndag	18.30	Sosial samling
25.11.	måndag	18.30	Bønnemøte
Credo (kl. 18.00–20.00): 30/8, 13/9, 27/9, 11/10, 25/10, 8/11, 22/11, 6/12.			
"Bibelstudie og bønn" kvar onsdag kl. 11.00			

Vågen bedehus

22.09.	søndag	11:00	Storsamling med Awana Søndagsskule på Bygdasenteret. Talar: Torstein Barlaup
25.09.	onsdag	20:00	Bibeltime: Min Gud er mitt skjold. (Salme 18,3) på Bygdasenteret. Talar: Preben Solvang
29.09.	søndag	19:30	Kveldssamling på Kyrkjetunet. Talar: Klaus Muff
04.10.	fredag	20:00	Temasamling: Kva kan me forventa av Den Heilage Ande? på Kyrkjetunet. Talar: Thor Fremmegård (bibelskulelærar)
06.10.	søndag	11:00	Storsamling med Awana Søndagsskule. på Bygdasenteret. Talar: Mons Gunnar Selstø
18.10.	fredag	19:30	Opningshelg nytt bedehus Temakveld: Levande fellesskap. Talar: Aslak Tveita
19.10.	lørdag	19:30	Opningshelg nytt bedehus Konsert med gospel-koret Voice of Joy
20.10.	søndag	11:00	Opningshelg nytt bedehus Opningsfest for alle generasjonar. Matservering. Talar: Håkon Brekkå
23.10.	onsdag	19:30	Kveldssamling Talar: Jon Håvard Gundersen, NLM
24.10.	torsdag	19:30	Kveldssamling med nattverd Talar: Jon Håvard Gundersen, NLM
25.10.	fredag	19:30	Kveldssamling Talar: Jon Håvard Gundersen, NLM
26.10.	lørdag	17:00	Generasjonssamling Talar: Jon Håvard Gundersen, NLM
27.10.	søndag	19:30	Kveldssamling Talar: Jon Håvard Gundersen, NLM
01.11.	fredag	19:30	Temasamling om nattverd Talar: Svein Kåre Harestad
03.11.	søndag	11:00	Storsamling med Awana Søndagsskule Talar: Øivind Solheim
16.11.	lørdag	19:30	Konsert med Norea Music
17.11.	søndag	11:00	Storsamling med Awana Søndagsskule. Nattverd. Talar: Marit Hårklau Ådnanes.
23.11.	lørdag	11:00	Julemesse Stad: Bygdasenteret
24.11.	søndag	19:30	Kveldssamling
29.11.	fredag	19:30	Kveldssamling Talar: Aud Karin Kjølvik, IMF
30.11.	lørdag	19:30	Kveldssamling Talar: Aud Karin Kjølvik, IMF
Bønnemøte kvar onsdag kl. 19.30			

ARKEN bedehus i Vats

12.09.	torsdag	18.00	Haustbasar Arken
18.09.	onsdag	19.00	Inspirasjonssamling FUT
19.09.	torsdag	19.00	Bønnemøte
26.09.	torsdag	19.00	Humorshow og Visekonsert med «Han Innante», Torolf Nordbø, Geir Normark m/figurar. Kafé før og etterpå."
01.10.	tirsdag	19.00	Damenes aftan med Normisjon
02.10.	onsdag	19.00	Møte med NMS
03.10.	torsdag	19.00	Bønnemøte
06.10.	søndag	19.00	Når me kjem saman
09.10.	onsdag	19.00	Møte med DISM
17.10.	torsdag	19.00	Bønnemøte
23.10.	onsdag	19.00	Normisjonskveld
27.10.	søndag		Nepalkveld
31.10.	torsdag	19.00	Bønnemøte
03.11.	søndag	19.00	Når me kjem saman
12.11.	tirsdag		Felles konfirmasjonssamling
13.11.	onsdag	19.00	Møte med Normisjon
14.11.	torsdag	19.00	Bønnemøte
17.11.	søndag	11.00	Gudsteneste
20.11.	onsdag	19.00	Normisjonskveld
23.11.	lørdag		Julemesse på Arken
28.11.	torsdag	19.00	Bønnemøte
30.11.	lørdag	18.00	Godt vaksne

vaagenbedehus.no

Vikebygd bedehus

11.09.	onsdag	19.00	Mat og prat
25.09.	onsdag	19.30	Møte m/Orientmisjonen og BE-gjengen
09.10.	onsdag	19.00	Mat og prat
23.10.	onsdag	19.30	Møte. Sjå plakatar om denne dagen
24.10.	torsdag	15.00	Insamling til Open Heart Ukraina kl. 15–18.00
27.10.	søndag	18.00	Konsert i kyrkja ned Morten Samuelsen
06.11.	onsdag	19.30	Gladsong
20.11.	onsdag	19.30	Bokkveld m/Dag Vister Hansen
04.12.	onsdag	19.30	Møte m/IMS og Marit H.Aadnanes

Konsert: Songar til trøyst, håp og glede!

Søndag 27.oktober kl.18.00 vert det konsert med Morten Samuelsen i Vikebygd kyrkje!

Morten Samuelsen er ein kristen artist som har satsa fulltid på musikken sidan 2016. Mange har nok sett og fått høyrd han seinast på ulike stemne rundt om kring i Sør-Noreg nå i sommar, på tidlegare konsertar på Haugalandet eller kanskje nokre og huskar tilbake til Norske Talantar i 2015 der han kom til finalen. Turnelista for hausten 2024 er ganske tett, og me er så heldige at han har sagt ja til å koma til Vikebygd kyrkje.

Konserten vert ei blanding av allsong og songar som han framfører åleine. Temaet er: «Songar til trøyst, håp og glede», og er eit konsept han har turnert med det siste året. Han har ein eigen formidlingsevne og varme i stemmen som rører nokon og ein kvar.

Dette vert ein kveld der du kan koma og berre nyta, du kan få vera med i songen og fellesskapet, og me trur at du etter konserten vil kjenna på trøyst, håp og glede!

Arrangementet er eit samarbeid mellom bedehuset i Vikebygd og soknerådet for Vikebygd, Skjold og Vats.

Me inviterer deg til ein uforgløymeleg kveld, og håpar på å sjå folk frå alle bygdene i Vindafjord og elles på Haugalandet!

Billettsal og meir informasjon på plakatar kjem etter kvart.



Takk for gåver frå Noreg. (Foto: Opne Heart Ukraina)

Øvre Vats bedehus

18.09.	onsdag	19.00	Møte Sarepta
25.09.	onsdag	19.00	Møte Samemisjonen
01.10.	tirsdag	11.00	Føremiddagstreff
16.10.	onsdag	19.00	Møte Godt Nytt
22.10.	tirsdag	13.00	Innsamling til Open Heart Ukraina kl. 13-20.00
05.11.	tirsdag	11.00	Føremiddagstreff
06.11.	onsdag	19.00	Møte NMS
07.11.	torsdag	19.00	Bygdakveld
26.11.	onsdag	19.00	Møte Lys over Land
03.12.	tirsdag	11.00	Føremiddagstreff



Morten Samuelsen f.1973, er gift, og bur på Tau i Strand kommune. Han har sunge sidan han var liten gut, då ilag med faren og broren. Samarbeidd med td. Norea Music, Pluss-reiser og Stavanger Symfoniorkester.

Innsamling til Open Heart Ukraina

Den årlege innsamlinga til «Open Heart Ukraina» er i veke 43: 21–24. Oktober.

– Me håpar mange har noko å senda. Dei treng det meste, også: Klede, Lommelykter, batteri, fyrstikker, stearinlys og våtserviettar. Det er lite straum og vatn mange plassar på grunn av krigen, fortel Ingeborg H. Vågen som er lokal koordinator for innsamlinga.

Ho tar imot sekkar gjennom heile året i Vats. Sekkene vert henta og ført vidare med lastebilar til Ukraina, fleire gonger kvart år. Dei som har noko dei vil senda betaler kr 50,- pr sekk for transporten. Du kan også gje støtte over VIPPS. Kontakt-telefon: 911 81 157.

Torsdag 24.10. kl. 19.00 blir det møte på Austreimsbygda bedehus med Halvard Hasseløy som fortel nytt frå Ukraina.

Sekker med de du vil gje kan leverast på:

- Austreimsbygda bedehus måndag 21. okt. kl. 16–20.
- Øvre Vats bedehus tysdag 22. okt. kl. 13–20.
- Vikebygd bedehus torsdag 24. okt. kl. 15–18.

Mat og prat på Vikebygd bedehus

I fjor haust byrja det nokre samlingar på Vikebygd bedehus, Betlehem, der innhaldet var kveldsmat, god drøs og deling av kveldstankar. Kveldane starta med eit buffé-bord med skjeva, knekkebrød, ulike pålegg, mjølk, juice og anna som me kunne få lyst på til kvelds. Folk sette seg rundt småbord, og drøsen gjekk under måltidet. Då alle var godt forsynte, var det ei eller ein som delte nokre kveldstankar før me gjekk heim, mette og fornøgde.

Det vart fleire slike kveldar i løpet av vinteren og våren. Her kom det folk i frå skulealder til nesten 100 år, og mellom ca. 20 og 30 stk. kvar gong.

Dette var så vellykka, at me vil fortsetja med det i haust òg. Det er viktig å koma ilag til eit godt kveldsmåltid, treffa og prata med sambygdingar, og kjenna på at ein høyrer til. **Fyrste «Mat og prat» vert onsdag 11. september kl.19.00.** Her er alle velkomne!



Vikebygd bedehus.

Friluftsgudsteneste på Refsnes i Blikrabygda

Tekst og foto: Jon Olav Velde

Søndag 9. juni avslutta Kulturveka i Vats 2024 med å ha den tradisjonelle friluftsgudstenesta saman med KFUM/KFUK-speidarane på Refsnes. Trass i dårlege værmeldingar og ustabilt vær, var det ganske mange som møtte opp. Folk hadde stolar og sitjeunderlag med seg og sette seg i «amfiet» - i skråninga. Gudstenesta starta med innmarsj av speidarar, speidarleiarar, klokkar og prost.



Speidarane sin innmarsj til gudstenesta.

Prost Rune S Engedal hadde ansvaret for gudstenesta. Som gamal speidar syntes han det var kjekt å vera på Refsnes og sjå denne fine staden. Det har vore tradisjon heilt frå 1986 å ha gudsteneste her kvar sommar. Her har det vore barnedåp mange gonger. Veret har mest aldri vore slik at gudstenesta har blitt avlyst. I den gamle kyrkjebøna var det teke med «-me bed om godt og lagleg ver-». Stort sett har ein alltid blitt bønnehøyr.

Frå 2006 har denne gudstenesta vore ein del av Kulturveka i Vats.

Organist var Lasse Jarmer, klokkar var Elisabeth Stople Gregersen og kyrkjetenar var Arild Urdal. Dessutan var speidarjentene Astrid og Marta Eskeland med og las kyrkjebøna.

Etter gudstenesta var det speidar-

leiarane Borghild Velde Eskeland og Paul Rune Velde som fekk speidarane fram og hadde ei lita oppsummering av speidaråret og gav dei merke og orienterte om speidarleirar m.m. Frå 20.–26. juli var det ein stor kretsleir for speidarane, her i Vats. Speidarleiren med over 350 speidarar, var på bakken attmed Arken, kyrkja og den nye Vindafjordhallen (sjå side 6).

Jon Olav Velde avslutta på vegne av Kulturvekekomiteen med å gi prosten ei fin T-skjorte + eit drikkekrus med påskrifta «Kulturveka i Vats 2024». Dei andre som er nemnde, fekk seg også T-skjorter m/påskrift.

Dermed var både friluftsgudstenesta og Kulturveka i Vats 2024 avslutta dette året.

Det var ein del som stoppa igjen og fyrte i grillen og tok seg tid til litt mat, drøsing og sosialt samvær.



Prost Rune S Engedal og Astrid og Marta Eskeland som les kyrkjebøna.



Speidarleiarane Borghild Velde Eskeland og Paul Rune Velde har oppsummering og gir speidarane merke.

Skjold kyrkje 25 år

Av Inger M Sørvåg og Ingfrid Hystad

Hyrdingen har allereie skrive om noko av det som skjer i samband med at Skjold kyrkje er 25 år (m.a. i nr 3), og framleis er det planar om meir denne hausten. I oktober skal alle elevane på skulen i Skjold innom

kyrkja og læra om kyrkjebygget, og historia til kyrkja. Kvifor er kyrkja så ny? Hadde dei ikkje kyrkje i Skjold før? Kva i all verda er våpenhuset? Dette er noko av det elevane skal læra om i oktober. Me skal gå på symboljakt i kyrkjerommet, og læra om arkitekturen.

Det er planar om ein jubileumsfest på kveldstid, med god mat og

mimring frå byggetida. Ein kjem nok også til å tenkja framover, kva skal kyrkja vera?

Det blir òg i jubileumsåret arrangert julekonsert i Skjold kyrkje. Søndag 15. desember syng me jula inn med ulike aktørar. I år som før blir det eit «julekor» der alle er velkomne med. Øvingar måndagar i november og desember. Velkommen!

Andaktstelefonen
380 91700
Åpent bele døgnet!
Ny andakt tirsdag og fredag
Tjenesten er gratis

Korleis har du det... EIGENTLEG?
Eit menneske å snakke med når livet er som verst
SOS-Chat: www.soschat.no
Kirkens SOS 22 40 00 40
SOS-melding: www.kirkens-sos.no

Neste nummer av Hyrdingen kjem ut 28. november 2024.

Frist for levering av stoff er 28. oktober.